

---

**Fra:** Åge A. Landro [<mailto:aage.landro@bof.no>]

**Sendt:** 12. juni 2018 14:19

**Til:** Øyvind H Oddekalv; Ordfører Lindås; Jon Askeland; Helene Ødven

**Kopi:** Oddmund Dingen; Lars E. Torgilstveit; Bjørn Sagstad; Rolf Hermansen

**Emne:** Befaring til Håøya i Meland tirsdag kl 1600

Hei

Håøya og mogleg opprustning av kommandantbustaden har kome sterkt på dagsorden i det siste. Det er bra, fordi noko må skje snart om bustaden ikkje skal forfalla heilt. Siste alternativet er å riva.

Målet må vera at når den nye Alver» kommune er etablert, så skal arbeidet med å redde bustaden og etablera eit driftopplegg vera ferdig. Med si unike plassering midt i «folkasynet» over Nordhordlandsbrua, kan bustaden og heile friluftsområdet verta eit historisk symbol for den nye kommunen.

Det er mogleg å utvikla sjølve friluftsområdet rundt, inkludert sjøsida, til å husa eit mangfald ulike aktivitetar. Mange ulike organisasjonar og einskild personar har meldt si interesse. Utfordringa er å organisera dette på ein forpliktande måte.

Eit vertskap til å leia drifta av huset ville vore flott, og vi har fått interesserte som kan tenkja seg ei slik rolle.

På **tirsdag 19. juni** vert det ei befaring til Håøya for å sjå på tilhøva og uformelt drøfta korleis ein kan koma vidare.

BOF køyrer med båt frå Helleneset kl 1515 og er ved Håøya via Litle Bergen kl 1600.

Med venleg helsing

Åge A. Landro

-adm. leiar-

  
**Bergen og Omland**  
**Friluftsråd**

Hellebakken 45

5039 Bergen

Tlf: 55 39 29 50

Faks: 55 39 29 59

Nettsider: [www.bof.no](http://www.bof.no)